

AVTALE OM FREDAGSBADINGA

mellom

ÅSERAL IDRETTSLAG

og

ÅSERAL KOMMUNE

1. Avtalepartar

Åseral idrettslag org.nr: 975 652 491
(idrettslaget)

Åseral kommune org.nr: 964 966 842
(kommunen)

2. Føremål med avtalen

Føremålet med denne avtalen er å regulere forholdet mellom partane når det gjeld ansvar for drift av fredagsbadinga i Åseral kommune.

3. Ansvar

- ÅIL har ansvaret for den praktiske og økonomiske gjennomføringa av tilbodet "familiebading", kvar fredag i følgje skuleåret, frå 17:30 til 20:30. i tillegg til symjebassenget skal brukarane ha tilgong til badstova.
- ÅIL sørgjer for at det blir utarbeida nærare retningslinjer for tilbodet og reglar for badinga, samt at desse blir gjort kjent for brukarane.
- ÅIL er ansvarleg for at dei reglar som blir fastsett blir følgt. ÅIL har fullmakt til å iverksetje naudsynte tiltak overfor dei som ikkje rettar seg etter reglane.
- ÅIL har ansvar for reingjering etter bruk.
- ÅK har ansvaret for at bygget er i byggteknisk god stand. Ved uforutsett stans av bassenganlegget, pliktar ÅK å informere brukarane.
- ÅK syter for at det minst ein gong i året blir arrangert kurs i livredning. Personar som skal ta del i badevaktordninga deltar på kurset vederlagsfritt.
- Brukarane av tilbodet om fredagsbading er dekkja av ÅK si forsikring ved skade eller ulykke.

4. Reglar og oppgåver for badevaktene

- Badevaktene skal sjå til at gjeldande ordensreglar og hygieniske reglar blir respektert. Det skal vere to vakter, ei kvinne og ein mann, slik at dei også kan halde oppsikt med garderobe/badstove.
- Når det er folk i bassenget skal som hovudregel både vaktene vere ved bassenget.
- Når noko tyder på at det er fare på ferde, skal badevakta straks gripe inn.
- Dersom badevakta legg merke til feil med det tekniske anlegget skal dette meldes frå om til vaktmeister eller koordinator for hallen.
- Badevakta må syte for at bassengrommet, dusjar, garderobar og badstova er rydda og i orden etter at badinga er slutt.
- Minst ein av to badevakter skal ha eit obligatorisk kurs i livredning

5. Godtgjering

- ÅK betalar ÅIL kr. 25.000,- eksklusiv mva for badinga som nemnt i punkt 3. Denne summen forfell til betaling 10. mai. ÅIL sender rekning til kommunen i rimeleg tid før forfall.
- ÅIL disponerar symjehallen utan vederlag.
- ÅIL fastsett og beheld inngangspengane.

6. Ikrafttreden og ansvar

- Denne avtalen trer i kraft umiddelbart etter signering.
- Avtalen gjeld til ein av partane ønskjer avslutting eller ny forhandling. Dette må i tilfelle meldast i god tid innan skuleåret tar til.
- Ved misleghald kan avtalen, etter klageperiode på 3 veker, underkjennast av klagande part.
- Avtalen er utarbeida i to eksemplar, med eitt til kvar av partane.

Åseral, den

For Åseral idrettslag

For Åseral kommune

Leiar i ÅIL

Einingsleiar SERK